



**Snart ser ein resultatet av eit vellukka samspel mellom helselaget og turngruppa i Uskedalen: Fylkeshelselaget har løyvt 19.400 kroner til turngruppa og pengane skal mellom anna nyttast til innkjøp av utstyr for innebandy.**

Løyvinga kjem frå eit barne- og ungdomsfond som heiter Midthunheimfondet. Etterat helselaget hadde gjort turngruppa merksam på fondet sette denne opp ei oversikt over ønskjemåla sine med prisar og søknaden vart innvilga i sin heilheit.

Det betyr at dei no kan kjøpa inn innebandysett, innebandymål og markeringsvestar til bruk for laga. I tillegg får dei to turnbenkar for summen, opplyser leiar Janne Hjørnevåg til uskedalen.no. Utstyret kan brukast både av gruppene og av skulen.

På bildet ser ein 'grunntrening' for innebandy i Aktivitetshuset tidlegare i haust.

(Foto: Ola Matti Mathisen)